

Universitetet i Stavanger (UiS) har om lag 10.700 studentar og 1.560 tilsette. Universitetet ligg i Noregs tredje største byregion, med ein dynamisk arbeidsmarknad og spennande kultur- og fritidsaktivitetar. Vi er einaste norske medlem av European Consortium of Innovative Universities (ECIU). Universitetet skal vere ei drivkraft i regionen si kunnskapsutvikling og eit internasjonalt forskingsuniversitet med vekt på nyskaping og innovasjon. Saman med dei tilsette og studentane våre vil vi utfordre det velkjente og utforske det ukjente.

Det humanistiske fakultetet er den viktigaste institusjonen i regionen for utdanning av lærarar til barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, høgskule og universitet. Fakultetet tilbyr også grunnutdanning innanfor musikk og dans, språk, religion, historie, samt åtte masterprogram og to doktorgradsutdanningar. Fakultetet har ein nasjonal posisjon innanfor forskning og undervisning i lese- og skrivevanskar og åtferdsvanskar gjennom Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning (Lesesenteret) og Nasjonalt senter for læringsmiljø og åtferdsforskning (Læringsmiljø senteret). Kunstfaga held til i Bjergstedparken nær Stavanger sentrum. UIS og Det humanistiske fakultetet er sentrale aktørar i arbeidet med å vidareutvikle Bjergstedparken til eit kulturelt kraftsentrum for eit nasjonalt og internasjonalt publikum. Fakultetet samarbeider med Utdanningsdirektoratet, kommunar og fylke om etter- og vidareutdanning. Totalt har fakultetet om lag 2.600 studentar og 380 tilsette fordelt på Institutt for barnehagelærarutdanning, Institutt for grunnskulelærarutdanning, idrett og spesialpedagogikk, Institutt for kultur- og språkvitskap, Institutt for musikk og dans, Lesesenteret og Læringsmiljø senteret.

Doktorgradsstipendiat i utdanningsvitskap ved Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning (Lesesenteret)

Universitetet i Stavanger har ledig stilling som doktorgradsstipendiat i utdanningsvitskap ved Lesesenteret.

Dette er ein utdanningsstilling som i hovudsak skal gje lovande forskarar høve til fagleg utvikling. Stillinga har forskarutdanning fram til doktorgrad som mål.

Stipendiaten blir tilsett for ein periode på tre år med rein forskarutdanning. Stillinga er ledig frå 01.08.2017.

Stipendiatstillinga vil vere knytt til eitt av følgjande 3 felt som Lesesenteret har behov for styrka kompetanse på:

- 1) Lese-/skrivevanskar og tiltak
- 2) Leseprøver, t.d. knytt til ulike elevgrupper sine resultat, til digitalisering av prøver, eller til etterbruk av leseprøver
- 3) Skoleutvikling/utvikling av skolens og fagas literacypraksis

Søkjara skal i søknaden synleggjere ei orientering inn mot eksisterande, relevante miljø og/eller prosjekt ved Lesesenteret (lesesenteret.uis.no), og ha vore i kontakt med potensielle rettleiarar ved senteret.

Søkaren må levere ei sjølvstendig prosjektskisse i tråd med rettleiande mal. Mal for prosjektskisse finn du [her](#).

For nærare opplysningar og kontakt med potensielle rettleiarar, send mail til senterleiar Åse Kari H. Wagner, aase-kari.h.wagner@uis.no. Mailen skal merkast "stipendiatstilling".

Søkjaren må ha ein fagleg bakgrunn med femårig mastergrad innanfor utdanningsvitskap/lesevitskap, helst av nyare dato, eller tilsvarende utdanning som gir grunnlag for å gjennomføre ei forskarutdanning innanfor fagområdet. Karakter på masteroppgåva og veid gjennomsnittskarakter på masterstudiet må begge kvar for seg tilsvare B eller betre for å komme i betraktning.

Ved vurdering vert det lagt vekt på søkarens potensiale for forskning innanfor fagfeltet, samt vedkommandes personlege føresetnadar for å gjennomføre forskarutdanninga.

Den som blir tilsett, må kunne arbeide sjølvstendig og i eit fellesskap, vere nytenkjande og kreativ. Stipendiaten må ha gode ferdigheter i engelsk, både skriftleg og munnleg.

Stillinga vert sett på som ei viktig rekrutteringsstilling til vitskapeleg stilling ved universitet/høgskule.

Studiet skal gjennomføres i hovudsak ved Universitetet i Stavanger, bortsett frå eit avtalt opphald i utlandet ved eit anerkjent relevant forskingsmiljø.

Stipendiaten vert lønna etter Statens lønnsregulativ l.pl 17.515, kode 1017, LR 20, kr 435.500 bto pr år.

Stillinga gir automatisk medlemskap i Statens pensjonskasse som sikrar gode pensjonsrettigheter. Medlemmene kan søke bustadlån til gunstige vilkår.

Opplysingar om tilsettingsprosessen kan ein få ved å vende seg til HR-rådgjevar Janne Halseth, tlf 51833525, epost janne.halseth@uis.no.

Universitetet har få menn i stipendiatstillingar innafor fagområdet og oppmodar derfor spesielt menn til å søke.

Du må registrera søknaden i eit elektronisk skjema på jobbnorge.no. Relevant utdanning og erfaring skal registrerast i skjemaet. Vitnemål, attestar, publikasjonsliste og ev annan dokumentasjon som du ønskjer det skal takast omsyn til ber vi deg laste opp som vedlegg til søknaden i separate filer. Dersom vedlegga overskrir 15 MB til saman, må dei komprimerast før opplasting.

Jobbnorge-ID: 136586, Søknadsfrist: Avsluttet